

## KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/31/47

av 10. november 2000

## om skiping av Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og om fastsetjing av møteføresegnene til utvalet(\*)

[meldt under nummeret K(2000) 3280]

(2000/730/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 175 nr. 1,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fællesskapsordning for tildeling av miljømerke<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 13, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I artikkel 13 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at Kommisjonen skal skipe eit utval for miljømerking i Den europeiske unionen (EUEB), som skal vere samansett av dei rette organa som er nemnde i artikkel 14, og det samrådsforumet som er nemnt i artikkel 15.
- 2) I artikkel 13 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at møteføresegnene til EUEB skal fastleggjast av Kommisjonen i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 17, samstundes som det vert teke omsyn til dei prinsippa for framgangsmåte som er fastsette i vedlegg IV.
- 3) I artikkel 13 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at EUEB skal særleg medverke til fastsetjing og revisjon av kriteria for tildeling av miljømerke og krava til vurdering og kontroll.
- 4) I artikkel 15 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at Kommisjonen skal syte for at EUEB i verksemda si, for kvar produktgruppe sikrar ei balansert deltaking frå alle dei partane som denne produktgruppa kjem ved, t.d. industri og tenesteytarar, medrekna små og mellomstore føretak, handverkarar og yrkesorganisasjonane deira, fagforeiningar, forhandlarar, detaljistar, importørar, miljøverngrupper og forbrukarorganisasjonar.
- 5) I femte synsmåten i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det nemnt at for at ålmenta skal godta fællesskapsordninga for tildeling av miljømerke er det særskilt viktig at ikkje-

statlege organisasjonar på miljøområdet og forbrukarorganisasjonar spelar ei viktig rolle og tek aktivt del i utarbeidinga og fastsetjinga av kriterium for tildeling av fællesskapsmiljømerket.

- 6) I artikkel 6 nr. 2 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at Kommisjonen kan innleie framgangsmåten for fastsetjing av miljøkriterium etter oppmoding frå EUEB.
- 7) I artikkel 6 nr. 2 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at Kommisjonen skal gje EUEB mandat til å utarbeide og jamleg revidere kriteria for tildeling av miljømerke, saman med dei krava til vurdering og kontroll som er knytte til desse kriteria, og som gjeld for dei produktgruppene som høyrer inn under verkeområdet til den nemnde forordninga.
- 8) I artikkel 6 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at EUEB på grunnlag av dette mandatet skal utarbeide eit utkast til dei kriteria for tildeling av miljømerke som skal nyttast på produktgruppa, saman med dei krava til vurdering og kontroll som er knytte til desse kriteria, slik det er fastsett i artikkel 4 og i vedlegg IV til den nemnde forordninga, samstundes som det vert teke omsyn til resultatata av føregranskingar og marknadsgranskingar, til vurderingar med omsyn til levetid og til betringsanalysen, som er nemnde i vedlegg II til forordninga.
- 9) I vedlegg IV nr. 1 til forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det for å utarbeide kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe, innanfor Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen skal skipast ei særskild mellombels arbeidsgruppe som omfattar dei partane det gjeld og som er nemnde i artikkel 15, og dei rette organa som er nemnde i artikkel 14.
- 10) I artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at Kommisjonen skal rådspørje EUEB om arbeidsplanen for fællesskapsmiljømerket.
- 11) I artikkel 10 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at medlemmene i EUEB skal samarbeide med medlemsstatane og Kommisjonen for å fremje bruken av fællesskapsmiljømerket.
- 12) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

(\*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 293 av 22.11.2000, s. 24, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 139/2001 av 9. november 2001 om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 6 av 24.1.2002, s. 23.

(<sup>1</sup>) TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Føresegnene om skiping av Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og møteføresegnene til utvalet, som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket, vert vedtekne.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 10. november 2000.

*For Kommissjonen*  
Margot WALLSTRÖM  
*Medlem av Kommissjonen*

---

## VEDLEGG

**MØTEFØRESEGNER FOR UTVALET FOR MILJØMERKING I DEN EUROPEISKE UNIONEN (EUEB)**

## OPPGÅVENE TIL EUEB

1. EUEB, som er nemnt i artikkel 13 i forordning (EF) nr. 1980/2000, er skipa og skal arbeide i samsvar med den nemnde forordninga.
2. EUEB skal særleg
  - oppmode Kommissjonen om å innleie framgangsmåten for fastsetjing av miljøkriterium, saman med dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll for produktgruppene,
  - medverke til å fastsetje og revidere både kriteria for tildeling av miljømerke og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll for kvar produktgruppe,
  - rådspørjast av Kommissjonen om arbeidsplanen for fællesskapsmiljømerket.
3. Medlemmene i EUEB skal i samarbeid med medlemsstatane og Kommissjonen fremje bruken av fællesskapsmiljømerket.

## SAMANSETNAD

4. EUEB er samansett av dei rette organa som er nemnde i artikkel 14 i forordning (EF) nr. 1980/2000, medrekna dei rette organa i medlemsstatane i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, og det samrådsforumet som er nemnt i artikkel 15 i den nemnde forordninga.
5. Mellom andre skal dei følgjande organisasjonane, som representerer dei partane som det gjeld, vere medlemmer i EUEB:
  - COFACE (forbrukarar, som òg representerer BEUC, Eurocoop og AEC),
  - EEB (miljø),
  - EFF (fagforeiningar),
  - Unice (industri),
  - UEAPME (små og mellomstore føretak, handverkarar),
  - Eurocommerce (handel).

For å sikre ei balansert deltaking av alle dei partane som det gjeld, kan EUEB endre samansetnaden slik det høver, anten på eige initiativ eller på oppmoding frå Kommissjonen, på det vilkåret at Kommissjonen har gjeve samtykke til det.

6. Kwart medlem i EUEB skal oppnemne ein kontaktperson.

## LEIAR, NESTLEIARAR OG SEKRETARIAT

7. Leiaren og dei to nestleiarane for EUEB skal kome skiftevis frå dei rette organa som er ansvarlege for fællesskapsmiljømerket, og som er nemnde i artikkel 14 i forordning (EF) nr. 1980/2000.
8. I ein første fase skal leiaren kome skiftevis frå eit rett organ frå kvar medlemsstat i Den europeiske unionen i det tidsrommet då medlemsstaten har formannskapet i Unionen, og deretter frå kvar medlemsstat i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet i eit tilsvarende tidsrom og i alfabetisk rekkjefølgje.
9. Dei to nestleiarane skal kome frå det rette organet som skal overta leiarskapet neste gong, og frå det rette organet som hadde leiarskapet sist.
10. Det rette organet som leiaren eller nestleiarane kjem frå, kan i unntakstilfelle bytast ut med ein av nestleiarane eller med eit anna medlem i EUEB.
11. EUEB kan likevel, med samtykke frå Kommissjonen, når som helst vedta ein annan måte å oppnemne leiaren og nestleiarane på.
12. Funksjonen som sekretariat for EUEB skal takast hand om av Kommissjonen.

## MØTE

13. Leiaren skal kalle inn til møte i EUEB, og med støtte frå nestleiarane og sekretariatet ha ansvaret for å førebu og sende ut innkallingar, saklister og underlagsdokument, og for å skrive og sende ut dei tilsvarende møtereferata.
14. Kommissjonen skal på oppmoding stille eit møterom til rådvelde dersom møtet skal haldast i Brussel.

15. Vanlegvis kan høgst tre representantar for eit medlem i EUEB ta del i eitt møte.
16. Representantar for medlemsstatane i Den europeiske unionen og Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet kan ta del i møta i EUEB. Representantar for Kommisjonen skal ta del i møta i EUEB. Leiaren eller Kommisjonen kan eventuelt innby andre partar som det gjeld, til å ta del i møta.

#### UTGIFTER

17. Generelle utgifter som er naudsynte for å halde møte, for å utarbeide miljøkriteria og vurdere dei på nytt og for anna verksemd, skal dekkjast av Kommisjonen på det vilkåret at det vert vedteke eit årleg budsjett for slike utgifter.

#### ALLMENNE REGLAR

**(som m.a. skal gjelde for dei leiande rette organa og for mellombels arbeidsgrupper i samband med fastsetjing eller ny vurdering av miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll for produktgruppene)**

18. I samband med fastsetjing eller ny vurdering av miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll for ei produktgruppe skal EUEB velje ut minst eitt av dei rette organa som er nemnde i artikkel 14 i forordning (EF) nr. 1980/2000, og som er viljuge til å ta på seg rolla som leiar. Desse organa skal kallast «leiande rette organ».
19. Det leiande rette organet skal, med støtte frå medlemmene i EUEB, danne ei mellombels arbeidsgruppe slik det er nemnt i vedlegg IV nr. 1 til den nemnde forordninga. Arbeidsgruppa skal arbeide aktivt for å sikre ei balansert deltaking, m.a. frå eigna representantar for dei partane som det gjeld, frå dei rette organa og frå Kommisjonen. Alle partane som det gjeld, skal handsamast likt, anten dei kjem frå statar i eller utanfor Den europeiske unionen. Representantane for dei partane som det gjeld, skal i størst mogleg grad verke som sakkunnige og ha kjennskap til den aktuelle produktgruppa, og skal kallast «faglege representantar».
20. Alle dei rette organa skal arbeide aktivt for å hente inn fråsegnar om den aktuelle produktgruppa frå alle dei partane som det gjeld i deira eigen stat, og sende desse fråsegnene over til den mellombels arbeidsgruppa og til EUEB.
21. Det leiande rette organet skal leggje til rette og leie minst eitt møte i den nemnde mellombels arbeidsgruppa. Kommisjonen skal på oppmoding stille eit møterom til rådvelde dersom møtet skal haldast i Brussel.
22. Dei faglege representantane for dei førnemnde partane som det gjeld, skal i størst mogleg grad òg ta del i møta til EUEB når den aktuelle produktgruppa skal drøftast inngåande.
23. EUEB, det leiande rette organet og den mellombels arbeidsgruppa skal handle i samsvar med dei måla og prinsippa som er fastsette i artikkel 1 i den nemnde forordninga, og med dei prinsippa for framgangsmåte som er fastlagde i vedlegg IV til den nemnde forordninga.
24. EUEB, det leiande rette organet og den mellombels arbeidsgruppa skal ta omsyn til den relevante miljøpolitikken til Fællesskapet og til det arbeidet som vert gjort i samband med andre nærskyldte produktgrupper.
25. EUEB og medlemmene i utvalet, det leiande rette organet og den mellombels arbeidsgruppa skal gjere alle rimelege tiltak for å oppnå semje gjennom heile arbeidsgangen, samstundes som det vert teke sikte på å nå eit høgt nivå for miljøvern.

#### FØREBUANDE ARBEID

**(framgangsmåte som skal følgjast før Kommisjonen vert oppmoda om å innleie framgangsmåten for fastsetjing av miljøkriteria for produktgruppene)**

26. EUEB kan oppmode Kommisjonen om å innleie framgangsmåten for fastsetjing av miljøkriteria for produktgruppene.
27. EUEB skal ta tilbørlig omsyn til den arbeidsplanen for fællesskapsmiljømerket som er nemnd i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1980/2000, og særleg til den ikkje-uttømmande lista over produktgrupper som skal prioriterast i samband med fællesskapstiltaka.
28. EUEB skal utføre førebuande arbeid for å avgjere om den produktgruppa som er under vurdering, fell inn under verkeområdet til fællesskapsordninga for tildeling av miljømerke slik det er fastsett i artikkel 2 i den nemnde forordninga, og særleg om ho stettar dei vilkåra som er fastlagde i artikkel 2 nr. 2. Kommisjonen kan òg oppmode EUEB om å utføre dette førebuande arbeidet.

29. For å utføre dette førebauende arbeidet skal EUEB velje ut eitt eller fleire leiande rette organ som kan ta på seg rolla som leiari, og som skal skipe ei mellombels arbeidsgruppe. Dei allmenne reglane som er oppførde ovanfor, skal gjelde.
30. Det leiande rette organet skal, med støtte frå den mellombels arbeidsgruppa, mellom andre og i høveleg omfang utføre den føregranskninga og marknadsgranskninga, dei vurderingane med omsyn til levetid og den betringssanalysen som er nemnde i vedlegg II til den nemnde forordninga, samstundes som det vert teke omsyn til dei krava og gjeldande føresegnene som er fastsette i artikkel 3, i vedlegg I og i vedlegg IV nr. 1.
- I samband med dette skal det leiande rette organet, med støtte frå den mellombels arbeidsgruppa, mellom andre, i høveleg omfang og i den grad det er føremålstenleg og mogleg, utføre følgjande oppgåver:
- analysere marknadsstrukturen, medrekna den industrielle og økonomiske inndelinga av sektoren (dei viktigaste produsentane, marknadsdelar, import osv.), karakterisere dei ulike typane som ligg føre av produktet, analysere om det er mogleg å marknadsføre miljømerkte produkt på ein vellukka måte og leggje fram ein eigna marknadsførings- og kommunikasjonsstrategi,
  - innhente fråsegner frå alle dei partane som det gjeld (rette organ, interessegrupper osv.), og identifisere dei partane som ønskjer å samarbeide om fastlegginga av kriterium,
  - analysere dei viktigaste innverknadene på miljøet, den beste miljøpraksisen i sektoren, samstundes som det òg vert teke miljømessige omsyn til særtrekk ved utforminga, og fastleggje dei viktigaste områda for betring innanfor produktgruppa og korleis desse kan takast med i miljøkriteria,
  - analysere dei viktigaste elementa når det gjeld den evna produktet har til å stette krava til forbrukarane, og fastleggje korleis desse kan takast med i kriteria for tildeling av miljømerke,
  - utarbeide ei oversikt over og skaffe fram døme på eksisterande miljømerke, standardar, prøvingsmetodar og granskningar som er relevante for utforminga av eit miljømerke for produktgruppa, samstundes som det vert teke omsyn til det arbeidet som alt er gjort i samband med nærskyldte produktgrupper, og vurdere kostnadene i samband med prøving,
  - granske den lovgjevinga som finst på området på nasjonalt, europeisk og internasjonalt plan,
  - identifisere moglege hindringar for å skipe denne produktgruppa på ein vellukka måte,
  - lage utkast til og sende ut, i god tid før dei aktuelle møta, alle naudsynnte arbeidsdokument med ei oppsummering av dei viktigaste resultatane av dei tre førnemnde fasane, saman med andre relevante opplysningar og analysar,
  - lage utkast til ein samanfattande sluttrapport om resultatane av dei førnemnde analysane og granskningane, skriven på engelsk og eventuelt på eitt av dei andre offisielle fellesskapspråka. Sluttrapporten skal liggje føre både i ei prenta utgåve og i elektronisk form, og skal vere open for samråd, og mogleg på nettstaden for miljømerket. Rapporten skal innehalde eit vedlegg med oversikt over alle dei dokumenta som er vortne nytta gjennom heile arbeidet, med opplysningar om datoen då kvart dokument vart sendt ut og kven det vart sendt til, saman med ein kopi av dei aktuelle dokumenta. Rapporten skal òg innehalde eit vedlegg med ei liste over alle dei partane som det gjeld, og som har teke del i arbeidet eller er vortne rådspurde eller har gjeve fråsegn, saman med opplysningar om korleis desse kan kontaktast. Rapporten skal innehalde ei samanfattande oversikt over dei viktigaste innhaldet, og eventuelt ha vedlegg med detaljerte levetidsrekneskapar. Alle kommentarar til rapporten vil verte tekne omsyn til, og på oppmoding vil det kunne gjevast opplysningar om korleis kommentarane er vortne følgde opp.
  - leggje fram resultatane på eitt eller fleire møte i EUEB, og på grunnlag av slike samråd og dersom sjansane er gode for at eit miljømerke skal verte vellukka for den aktuelle produktgruppa, gje tilrådingar om den moglege produktgruppa bør utviklast vidare eller ikkje, og om det skal fastsetjast kriterium for tildeling av miljømerke.
31. Når EUEB er nøgd med det førebauende arbeidet for ei mogleg produktgruppe og med den positive tilrådinga frå den mellombels arbeidsgruppa, skal det sende sluttrapporten saman med framlegga til utarbeiding av eit mandat, over til Kommissjonen, og oppmode Kommissjonen om å innleie framgangsmåten for fastsetjing av miljøkriterium for den aktuelle produktgruppa og å gje EUEB eit mandat som tek omsyn til dei førnemnde framlegga. Dei medlemmene i EUEB som representerer dei partane det gjeld og som er nemnde i artikkel 15 i den nemnde forordninga, kan leggje sine fråsegner ved sluttrapporten, anten kvar for seg eller samla.

#### MANDAT TIL Å UTARBEIDE ELLER REVIDERE KRITERIA

**(framgangsmåte som skal følgjast ved gjennomføringa av eit mandat frå Kommissjonen til å utarbeide eller revidere kriteria for tildeling av miljømerke og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll for ei produktgruppe)**

32. EUEB skal, på grunnlag av eit mandat frå Kommissjonen, utarbeide eit framlegg til kriterium for tildeling av miljømerke og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll for den aktuelle produktgruppa. EUEB skal halde den fristen for gjennomføring av arbeidet som er fastsett i mandatet.
33. Til dette føremålet skal EUEB velje ut eitt eller fleire leiande rette organ som kan ta på seg rolla som leiari, og som skal skipe ei mellombels arbeidsgruppe. Dei allmenne reglane som er oppførde ovanfor, skal gjelde.

34. Det leiande rette organet skal først, med støtte frå den mellombels arbeidsgruppa, avgjere om alle dei naudsynte analysane, granskingane og anna førebuande arbeid er vortne utførde. Denne kontrollen omfattar særleg føregranskingane og marknadsgranskingane, vurderingane med omsyn til levetid og betringsanalysen som er nemnde i vedlegg II til forordning (EF) nr. 1980/2000. Det leiande rette organet bør, med støtte frå den mellombels arbeidsgruppa, gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å fullføre og ajourføre det førebuande arbeidet, samstundes som det vert teke omsyn til dei framgangsmåtane som er lagde fram i avsnittet ovanfor.
35. Det leiande rette organet skal på eitt eller fleire møte i EUEB leggje fram eit utkast til framlegg, saman med tilhøyrande rapportar og analysar, og på grunnlag av slike samråd eventuelt gje EUEB melding om når mandatet kan reknast for å vere stetta. I samband med dette vil det verte lagt særleg vekt på om utkastet til framlegg kan ventast å få sterk støtte.
36. Likeins skal EUEB, på grunnlag av det arbeidet som er utført av det leiande rette organet og den mellombels arbeidsgruppa, og når det er føremålstenleg, melde frå til Kommisjonen om utkastet til kriterium og opplyse Kommisjonen om at mandatet kan reknast for å vere stetta. I samband med dette vil det verte lagt særleg vekt på om utkastet til framlegg kan ventast å få sterk støtte. Dei medlemmene i EUEB som representerer dei partane det gjeld og som er nemnde i artikkel 15 i forordning (EF) nr. 1980/2000, kan leggje sine fråsegner ved utkastet til kriterium, anten kvar for seg eller samla.
37. Dersom Kommisjonen melder frå om at mandatet ikkje er vorte stetta, skal EUEB halde fram med arbeidet sitt med utkastet til kriterium, samstundes som det vert teke omsyn til framgangsmåtane og krava som er førde opp i dette avsnittet. Kommisjonen skal grunnge haldninga si.
38. Dersom Kommisjonen på noko tidspunkt opplyser om at mandatet er vorte stetta, skal EUEB òg vurdere mandatet sitt som stetta. EUEB skal likevel føre vidare arbeidet med mandatet seinare dersom Kommisjonen ønskjer det.
39. Dersom EUEB på noko tidspunkt skulle avgjere at det er ute av stand til å kunne stette mandatet, skal det straks melde frå til Kommisjonen om dette og gje detaljerte opplysningar om kva årsakene er.

#### MANDAT TIL Å GJERE EI NY VURDERING AV KRITERIA

##### **(framgangsmåte som skal følgjast ved gjennomføringa av eit mandat frå Kommisjonen til å gjere ei ny vurdering av kriteria for tildeling av miljømerke og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll for ei produktgruppe)**

40. EUEB skal, på grunnlag av eit mandat frå Kommisjonen, gje ei ny vurdering av kriteria for tildeling av miljømerke og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll for den aktuelle produktgruppa.
41. EUEB skal særleg ta sikte på å avslutte arbeidet sitt i god tid før dei eksisterande kriteria sluttar å gjelde.
42. Til dette føremålet skal EUEB velje ut eitt eller fleire leiande rette organ som kan ta på seg rolla som leiari, og som skal skipe ei mellombels arbeidsgruppe. Dei allmenne reglane som er oppførde ovanfor, skal gjelde.
43. Det leiande rette organet skal, med støtte frå den mellombels arbeidsgruppa, gjere ei ny vurdering av dei gjeldande kriteria for tildeling av miljømerke og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll, og likeins granske og eventuelt fullføre og ajourføre dei ulike analysane, rapportane, levetidsrekneskapane og anna arbeid som er ført opp i avsnittet «Førebuande arbeid».
44. Det leiande rette organet skal, med støtte frå den mellombels arbeidsgruppa, særleg vurdere kor vellukka produktgruppa har vore, er og kan verte i framtida, medrekna dei miljømessige føremonene, samstundes som det vert teke omsyn til kor vellukka liknande produktgrupper har vore og til arbeidsplanen for fællesskapsmiljømerket.
45. Det leiande rette organet skal på eitt eller fleire møte i EUEB leggje fram resultata av desse vurderingane og analysane, og på grunnlag av desse samråda gje tilråding om at miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll anten bør lengjast, kallast tilbake eller reviderast. I samband med dette vil det verte lagt særleg vekt på om tilrådinga kan ventast å få sterk støtte.
46. Likeins skal EUEB, på grunnlag av det arbeidet som er utført av det leiande rette organet og den mellombels arbeidsgruppa, gje Kommisjonen tilråding om at miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll anten bør lengjast, kallast tilbake eller reviderast. I samband med dette vil det verte lagt særleg vekt på om tilrådinga kan ventast å få sterk støtte. Dei medlemmene i EUEB som representerer dei partane det gjeld og som er nemnde i artikkel 15 i forordning (EF) nr. 1980/2000, kan leggje sine fråsegner ved tilrådinga, anten kvar for seg eller samla.

47. Dersom Kommisjonen melder frå om at mandatet ikkje er vorte stetta, skal EUEB halde fram med arbeidet sitt, samstundes som det vert teke omsyn til framgangsmåtane og krava som er førde opp i dette avsnittet. Kommisjonen skal grunngje haldninga si.
48. Dersom Kommisjonen melder frå om at han er samd i ei tilråding om at miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll bør reviderast, skal EUEB halde fram med arbeidet sitt i samsvar med dette, samstundes som det tek omsyn til framgangsmåten og krava som er førde opp i avsnittet «Mandat til å utarbeide eller revidere kriteria».
49. Dersom Kommisjonen er samd i ei tilråding om at miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll bør kallast tilbake eller lengjast, skal EUEB vurdere mandatet sitt som stetta. EUEB skal likevel føre vidare arbeidet med mandatet seinare dersom Kommisjonen ønskjer det.
50. Dersom EUEB på noko tidspunkt skulle avgjere at det er ute av stand til å kunne stette mandatet, skal det straks melde frå til Kommisjonen om dette og gje detaljerte opplysningar om kva årsakene er.

#### MEDVERKNAD TIL ARBEIDSPLANEN

##### **(Framgangsmåte som skal følgjast når EUEB vert rådspurt av Kommisjonen om arbeidsplanen for fellesskapsmiljømerket)**

51. EUEB kan hjelpe Kommisjonen i arbeidet med å utarbeide den arbeidsplanen for fellesskapsmiljømerket som er nemnd i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1980/2000.
52. Til dette føremålet bør EUEB gjere alle dei tiltaka som er naudsynte og føremålstenlege, samstundes som det handlar i samsvar med dei måla og prinsippa som er fastsette i artikkel 1 nr. 1 og 4 i den nemnde forordninga.
53. Før EUEB gjer framlegg om at nye produktgrupper kan prioriterast for fellesskapstiltak, skal det først ta ei førebels og rettleiande avgjerd med omsyn til om dei aktuelle produktgruppene fell inn under verkeområdet til fellesskapsordninga for tildeling av miljømerke slik det er fastsett i artikkel 2 i den nemnde forordninga, og særleg om dei stettar dei vilkåra som er fastlagde i artikkel 2 nr. 2 i forordninga. I samband med dette skal EUEB i høveleg grad ta omsyn til dei ulike synsmåtane som er førde opp i avsnittet «Førebuande arbeid» ovanfor.
54. EUEB og medlemmene i utvalet skal gjere alle rimelege tiltak for å oppnå semje gjennom heile arbeidsgangen.

#### ANNA VERKSEMD SOM MEDLEMMENE I EUEB UTFØRER

55. Medlemmene i EUEB skal handle i den allmenne interessa til fellesskapsordninga for tildeling av miljømerke, og har fullmakt til å ta alle dei initiativ som dei finn høvelege og nyttige for dette føremålet. Likeins kan dei handle etter oppmoding frå Kommisjonen. Slike initiativ kan m.a. omfatte:
- fremjande tiltak, slik det er nemnt i artikkel 10 i forordning (EF) nr. 1980/2000, eller liknande,
  - skiping av mellombels arbeidsgrupper,
  - tiltak for å fremje ein harmonisert bruk av kriteria for tildeling av miljømerke og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll, medrekna jamleg tilpassing og betring av tilhøyrande brukarhandbøker,
  - utforming av retningslinjer, t.d. for å gjere det lettare å utarbeide miljøkriterium,
  - vedtaking av interne framgangsmåtar dersom det trengst.

#### NY VURDERING

56. EUEB skal jamleg vurdere sin eigen verkemåte, og om naudsynt leggje fram tilrådingar for Kommisjonen om korleis dei aktuelle framgangsmåtane kan tilpassast. Den første av desse vurderingane bør vere fullført innan utgangen av 2002.



## KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/31/48

av 10. november 2000

## om fastsettning av møteføresegnene til samrådsforumet for den reviderte fællesskapsordninga for tildeling av miljømerke(\*)

[meldt under nummeret K(2000) 3281]

(2000/731/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 175 nr. 1,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fællesskapsordning for tildeling av miljømerke<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 15, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I artikkel 13 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at Kommisjonen skal skipe eit utval for miljømerking i Den europeiske unionen, heretter kalla «EUEB», som skal vere samansett av dei rette organa som er nemnde i artikkel 14, og det samrådsforumet som er nemnt i artikkel 15.
- 2) I artikkel 15 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at Kommisjonen skal syte for at EUEB i verksemda si, for kvar produktgruppe sikrar ei balansert deltaking frå alle dei partane som produktgruppa kjem ved, t.d. industri og tenesteytarar, medrekna små og mellomstore føretak, handverkarar og yrkesorganisasjonane deira, fagforeiningar, forhandlarar, detaljistar, importørar, miljøverngrupper og forbrukarorganisasjonar.
- 3) I artikkel 15 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at desse partane skal møtast i eit samrådsforum.
- 4) I artikkel 15 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at møteføresegnene til dette forumet skal fastsetjast av Kommisjonen i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 17.
- 5) I femte synsmåten i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det nemnt at for at ålmenta skal godta fællesskapsordninga for tildeling av miljømerke er det særskilt viktig at ikkje-statlege organisasjonar på miljøområdet og forbrukarorganisasjonar spelar ei viktig rolle og tek aktivt

del i utarbeidinga og fastsettninga av kriterium for tildeling av fællesskapsmiljømerket.

- 6) I vedlegg IV nr. 1 til forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det for å utarbeide kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe, innanfor Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen skal skipast ei særskild mellombels arbeidsgruppe som omfattar dei partane det gjeld og som er nemnde i artikkel 15, og dei rette organa som er nemnde i artikkel 14.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Møteføresegnene til samrådsforumet, som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket, vert vedtekne.

*Artikkel 2*Kommisjonsvedtak av 18. november 1992 om fastsettning av møteføresegnene for samrådsforumet for fællesskapsordninga for tildeling av miljømerke<sup>(2)</sup> vert oppheva.*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 10. november 2000.

*For Kommisjonen*  
Margot WALLSTRÖM  
*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 293 av 22.11.2000, s. 31, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 139/2001 av 9. november 2001 om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 6 av 24.1.2002, s. 23.

(<sup>1</sup>) TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

(<sup>2</sup>) K(92) 2314 endeleg utgåve av 18.11.1992.



## VEDLEGG

## MØTEFØRESEGNER FOR SAMRÅDSFORUMET

1. Møteføresegnene for det samrådsforumet (heretter kalla «forumet») som er nemnt i artikkel 15 i forordning (EF) nr. 1980/2000, er fastsette. Forumet skal arbeide i samsvar med den nemnde forordninga.
2. Samrådsforumet og medlemmene i forumet skal vere medlemmer i Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen (EUEB) og ta del i all verksemd i EUEB, og særleg
  - oppmode Kommisjonen om å innleie framgangsmåten for fastsetjing av miljøkriterium, saman med dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll for produktgruppene,
  - medverke til å fastsetje og revidere både kriteria for tildeling av miljømerke og dei tilhøyrande krava til vurdering og samsvarskontroll for produktgruppene,
  - rådspørjast av Kommisjonen om arbeidsplanen for fællesskapsmiljømerket,
  - fremje og nytte fællesskapsmiljømerket.
3. Mellom andre skal dei følgjande organisasjonane, som representerer dei partane som det gjeld, vere medlemmer i forumet og dermed òg i EUEB:
  - COFACE (forbrukarar, som òg representerer BEUC, Eurocoop og AEC),
  - EEB (miljø),
  - EFF (fagforeiningar),
  - Unice (industri),
  - UEAPME (små og mellomstore føretak, handverkarar),
  - Eurocommerce (handel).

For å sikre ei balansert deltaking av alle dei partane som det gjeld, kan EUEB endre samansetnaden slik det høver, anten på eige initiativ eller på oppmoding frå Kommisjonen, på det vilkåret at Kommisjonen har gjeve samtykke til det.
4. Kwart medlem i forumet skal oppnemne ein kontaktperson.
5. Forumet skal kome saman på møta til EUEB.
6. I tillegg til dei allmenne representantane som tek del i møta til EUEB, skal kvart medlem i forumet peike ut minst éin fagleg representant for kvar produktgruppe som skal ta del i dei mellombels arbeidsgruppene som er skipa av EUEB for dei særskilde produktgruppene, og i møta til EUEB der den aktuelle produktgruppa skal drøftast inngåande. Desse faglege representantane bør i størst mogleg grad verke som sakkunnige og ha kjennskap til den aktuelle produktgruppa.
7. Medlemmene i forumet og deira allmenne og faglege representantar skal handle i samsvar med dei måla og prinsippa som er fastsette i artikkel 1 i den førnemnde forordninga, og med dei prinsippa for framgangsmåte som er fastlagde i vedlegg IV til den nemnde forordninga.